



Johanna Aggvin fekk ein uskedeling på kvar side: Ingebjørg og Veslemøy

Kvinnheradløpet i Rosendal, nummer 32 i rekkja, vart ein suksess både for arrangørane og Uskedal Idrettslag. Deltakinga i konkurranseklassa var meir enn fordobla etter eitpar stimulerande tiltak og UIL fekk 2 jenter på pallen. Turklassa utan tidtaking måtte imidlertid tåla ein nedgang i oppslutnad sidan i fjor - frå 575 til 516 - utan at ein skal

leggja så stor vekt på det. Tek ein med dei 250 skule-elevane som hadde sitt eig løp fredag kjem ein opp i ei samla deltaking på 820 og det er det liten grunn til å klaga på!



Terje Aggvin vert intervju av Kjell Martin Håvik

Det var ekteparet Terje (39) og Johanna (32, svenskfødt) Aggvin frå Varaldsøy og klubben Gular som gjorde suksess i duskregnet denne gongen. Dei vann klart og sette løyperekordar med 15.02 og 19.19.



Starten gå for 53 deltakarar, derav 20 kvinner

Men det er all grunn til å setta strek under andre- og tredjeplassen til Uskedal-jentene Ingebjørg og Veslemøy Haugland som kom på andre- og tredjeplass. Dei er født i 1995 og 2000. Veslemøy var berre

2 sekunder etter Ingebjørg denne gongen og Ingebjørg må skjerpe seg hvis ho ikkje skal verta slått av den 5 år yngre jenta..Ingebjørg leia forresten løpet etter 2 av dei 5,2 kilometrane, men i utforbakkane mot mål måtte ho gje tapt for den mykje eldre Johanna Aggvin.



Best i klasse menn frå Uskedalen var Bjørn Haugland, her like etter målpasseringa som nummer 10

UIL stilte denne gongen med 11 deltakarar og dessutan var det utflytta søskenparet Marit Elise Haugland og Solbjørg Eskeland med også i år. 53 var med dette året mot 24 i fjor og auken var større enn arrangørane drøymde om, Å kutte ned løypa til det halve og sette opp pengepremiar var med andre ord svært vellukka.

Det var også avviklinga, som gjekk smertefritt. Ein av dei mange som bør berømmast er speaker Kjell Martin Håvik, som var sikker og profesjonell.



Lars Haugland sjekker klokka ved målpasseringa

Imidlertid burde det delteke fleire uskedelingar i turklassen.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

RESULTATAR:

Menn: 1. Terje Aggvin Gular 15,02
2.. Erlend Jensen Trio 15,38'
3. Ronny Nordal Trio 15.53
10. Bjørn Haugland UIL 18,38
11. Johannes Haugland UIL 19,22
20, Lars Haugland UIL 20,41
21. Jostein Saghaug UIL 20,47
22. Thomas F. Eide UIL 21.19
25. Steinar Kroka UIL 21,30
29, Ingar Eik Høivik UIL 22,59
30. Annbjøn Høivik UIL 23.01

Kvinner: 1. Johanna Aggvin Gular 19,19
2. Ingebjørg Haugland UIL 19,48
3. Veslemøy Haugland UIL 19,50
14. Gina Hella Berge-Soldal UIL 25,00



Spreke pensjonistar frå Uskedalen: Sella og Alf Hjørnevåg